



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Lina Bryne Larsen, 51568719

Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Eit nytt skoleår står for døra, og Statsforvaltaren vil igjen rette søkelyset på skolemiljø. Å skape eit trygt og godt skolemiljø for kvar enkel elev er ei sentral oppgåve for skoleeigar, skoleleiarar og alle som arbeider på skolen. Det krev eit kontinuerleg førebyggjande arbeid, der [sosial læring gjennom arbeid med fag](#), [klasseleiing](#) og [aktivitetsplikta](#) er viktige komponentar. I tilnærminga må fokuset vere på både trygt og godt.

Kva betyr trygt og godt?

Trygt handlar om at elevane ikkje skal kome til skade og oppleve at skolen er ein trygg plass å vere. Elevane skal vere trygge på at alle som arbeider på skolen følgjer med og tar tak dersom noko skjer. I tillegg må arbeidet rette seg mot elevane sin rett til å ha det **godt**. Då handlar det om trivsel, kjensle av å vere inkludert og oppleving av å vere meningsfull for fellesskapet. Samla sett må skolane ha ei vid tilnærming til eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø.

Udir sine kompetansepakkar

Utdanningsdirektoratet har utvikla [kompetansepakkar](#) som gir fagleg påfyll og støtte til å utvikle skolen sin praksis. Kompetansepakkane *Inkluderende praksis*, *Trygt og godt skolemiljø* og *Trygt og godt miljø i SFO* skal bidra til refleksjon over verdiar, haldningar og skolekultur, samt utvikling av eigen praksis og auka handlingskompetanse. Kompetansepakkane kan brukast heilt eller delvis i arbeidet i profesjonsfellesskapet på skolen.

Vi vil også minne om ressursidene på www.udir.no, til dømes [Skolemiljø](#) og [Trygt og godt miljø i SFO](#). Statsforvaltaren legg jamleg ut informasjon om trygt og godt skolemiljø på nettsidene våre, og vi anbefalar skoleeigarar og skoleleiarar å abonnere på [nyheiter](#).

Vi minner til slutt om plikta skolen har til å [informere elevar og føresette](#) om kva rettar dei har når det gjeld skolemiljøet.

Med ønske om ein god skolestart for alle!

Vi ber kommunen om å oversende brevet til skolefagleg ansvarleg og skoleleiarane i kommunen.



Med helsing

Marianne Skogerbø (e.f.)
utdanningsdirektør

Lina Bryne Larsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Gjesdal kommune	Rittedalen 1	4330	Ålgård
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså